Førsteblad

/

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10. Fylke: Hedmark.

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Engerdal.

Emne: Lynging og mosing. Bygdelag: Engerdal

Oppskr. av: Andreas Roveid Gard:

(adresse): G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Per Nyhus, f. i Engerdal 1871. Bonde og skomakar.
Teodor Jardenær, f. i Engerdal 1921. Forr.förar i Trygdekassa.
~~Ola Nyggard. Oml. 60 år gamal. Bonde og pensjonatvert.~~

SVAR

I.A.

1. Det er ikkje vanleg å ta lyng nå.
   Lyngen var nödför.
2. Ein tok lyng om våren i vårknipa.
   Ein seiar å ta lyng.
3. Ein reiv lyng med hendene.
4. Det var vel helst mannfolkarbeid, men kvinnfolka måtte til om mannen ikkje hadde höve til det.
5. Det er ikkje reglar eller röynsle for kor ofte ein kunne ta lyng.
6. Lyngen vart boren heim.
7. Heime vart lyngen lagt der det fall seg.
8. Det var hesten som fekk lyng.
   Den fekk lyngen åleine, men oftast med mjöl attåt.
   Lyngen vart hakka.
9. Lyng var rekna for eit bra naudfor

B.

1-4. Det er ikkje kjent at lyng vart rekna for beite.

II.

1. Det er vanleg å ta mose ennå.
2. Ein sankar mose for heile vinteren; mosen höyrer med til grunnforinga
3. Ein likar helst vått vær når ein skal ta mose.
   Mosen skal vera våt; turr mose er svært vanskeleg å ta.
4. För drog både menn og kvinner ut for å ta mose, men nå er det bare mennene.
   Det er mengda som avgjer kor ~~xx~~lang tid arbeidet tar, men oftast går det med 2-4 dagar.
   Ein går oftast heim om nettene.

8212

5. Nå er det vanleg å ta mose med grein, men för den kom nytta ein rive eller harke, eit slag stor rive.
6. Det er ikkje vanleg å bera mosen heim med ein vong.
7. Mosen vert lagt i haugar, som kallast lass.
   I det siste er det noen som har tatt til å bera mosen i hop i "kölfat" eller rossebårer. Dei er laga av flekt vier som er tredd. Storleiken er ein dryg meter i tverrmål og omlag 1/2 m. djup.
   Det er ikkje vanleg å ha nokon underburd for lassa, heller ikkje tak eller merke.
   Lasset må vera fast for det skal speke ihop (fryse).
8. För lunna dei lassa, men nå er det vanleg å kiöra mosen heim på förste snöen. Når dei lunna vart lasset lagt på langsida.
   Dei kiörer mosen heim på "drauer" (drog); til vanleg tar dei 2 lass på droget.
9. Lunning og heimkiöring er ikkje fellesarbeid.
10. Heime vert mosen lagt utanfor fjösdöra.
11. Det er ku og sau som får mose.
   För fekk dei den saman med noko mjöl, men nå får dei den oftest bar. Ein sjelden gong kan det henda ein må bruk mjöl for å venne ei ku til mosen.
12. Mosen er rekna for eit godt for; kvinnfolka seier dei ser "rån" på mjölka når kyrne får den. (rån lik mun lik fordel.)

Annen mose.
1. Det var vanleg å sanke brödmose til grisen; det var halve föda hans.
   Mosen vert kokt.
2. Lav vart tatt av og til nytta som naudfor.

8212

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING